

KOM 074/08 VEDLEGG 1 HTW - sak 065/08
Vedlegg 1
REGULERINGSVEDTEKTER FOR GOLFBANE I SVEIO

JD 2008 006

3. byggjesteg **NY DRIVINGRANGE (treningsbane).**

§1. FØREMÅL

1.1 Innafor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på reguleringskartet dagsett 16. juli 2008.

Arealet er regulert som følgjer:

BYGGJEOMRÅDE - næringsområde

OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE - køyreveg og gangveg

SPESIALOMRÅDE - golfbane (drivingrange - treningsbane)

§ 2. BYGGJEOMRÅDE

2.1 I byggjeområdet kan det oppførast næringsbygg med tilhøyrande anlegg. Øvste høgd kan innreist som bustad. Utnyttingsgrad for næringsarealet vert sett til BYA = 70 %.

§ 3. OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

3.1. Køyreveg skal til ei kvar tid vera open for fri ferdsel.

3.2. Terrenget innafor siktlinene skal alltid vera rydda for hindringar høgare enn 0,5 m over vegbanen.

3.3. I samband med framføring av vegar må det gjerast minst mogeleg inngrep i terrenget. Evt. fyllingar må få god landskapspleie.

3.4. Gangveg skal byggjast langs Leitevegen.

§ 4. SPESIALOMRÅDE

4.1 I spesialområdet kan det byggjast treningsbane for golf og tilhøyrande anlegg.

4.2 I området kan det førast opp mindre bygningar som lager/redskapshus, varmestove, mindre tekniske bygningar etc. samt overbygg og sikring ved utslagsrampe. Max storleik 15 kvm. i ei høgd.

4.3 Mindre endringar i bekkeløp og vatn kan gjerast der det er nødvendig for utforminga av banane eller for å gjera strand- eller bekkekantare sikrere.

Der det er nødvendig for banar eller stiar å kryssa vatn eller bekker, skal det lagast bruer. Bekker skal ikkje leggjast i røyr.

4.4 Det kan byggjast turstiar i området.

4.5 I terrenget utafør det arealet som skal brukast til golfaktivitatar skal det ikkje gjerast inngrep i terrenget eller eksisterande trær/vegetasjon.

4.6 Dersom det blir funne fornminne i samband med utbygginga, skal arbeidet stoppa og rette instansar skal blir varsla

4.7 Jordlova skal framleisa gjelda innafor planområdet.

§ 5. FELLES FØRESEGNER

5.1 Området kan nyttast til rekreasjon, friluftsliv og andre aktivitetar som ikkje er til hinder for golfaktivitetane.

5.2 I krisesituasjonar kan det blir kravd at golfområdet blir ført tilbake til landbruksføremål.

Revidert 6.oktober 2008